

Rustar opp turvegen over Dønhaug.

02.01.2018



Knappe 150 meter av turvegen over Dønhaug vert rusta opp og tilrettelagd for brukarar med rulotor, rullestol og barnevogn.

Det vert gjort eit arbeid med å rusta opp deler av turvegen over Dønhaug. Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen er grunneigarar. Uskedal utvikling har ein mellombels avtale om å få bruka arealet til turveg for almugen. Det gjeld langs steingarden mellom desse to grunneigarane og i byte med fritidseigedomen Solhaug. Haugland Maskin utfører arbeidet.

Mykje nedbør og vatn gjer at det grev i vegen og sanden vert ført bort. No reinskar ein torv, lagar rett dosering, grusar på nytt og pakkar grusen før bruk. Overflatevatnet vert ført i røyr og kummar. Noko vatn vert ført ut på bakken utan at det gjer skade i turtraseen.

Turvegen over Dønhaug vert brukt av mange i alle aldrar, alt frå barnehagen på veg til friluftaktivitetar på Revhaug til turgruppa i Uskedal helselag. Målet må vera at turvegen over Dønhaug, rundt campinga, båthamna, Neset og i Geilo skal kunna brukast av alle, sjølv dei med rulotor og rullestol. Det same gjeld dei som går med barnevogn.

I høve ti andre bygder har Uskedalen i minste laget med tilrettelagde turveggar i nærrområde. Seimsfoss og Guddal har mellom anna ein tilrettelagt turveg med rasteplassar langs elva. Bortsett frå strekninga frå brua til campinga, har ikkje Uskedalen same tilbodet. Det har før vore drøfta på møte i Uskedal utvikling om få til ei løysing med turveg på elveborga, utan å lukkast så langt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal